

Program Nissedal Senterparti 2023-2027

Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå og opp. Me vil arbeide for eit samfunn der folk kan utvikle seg fritt, ta ansvar for eigne liv, for fellesskapet og for naturen. Senterpartiets verdigrunnlag er den kristne og humanistiske kulturarven.

Den gode oppvekst

Senterpartiet vil:

- Arbeide for god kvalitet på innhaldet i barnehage, SFO og skule. Hovedfokus vil vere høg kompetanse og nok ressursser for å sjå alle ungane.
- Halde på ein desentralisera barnehage- og skulestruktur.
- Folkehelsearbeidet byrjar allereie i skule og barnehage. Ungane skal oppleve ein trygg kvardag med aktivitet og meistring. Maten som serverast i skular og barnehagar skal vera næringsrik og sunn.
- Vidareføre arbeidet med tiltak mot mobbing.
- Lekser er eit viktig pedagogisk verkemiddel for elevar og føresette. Det er viktig at Nissedal kommune har fokus på tilpassa opplæring, tidleg innsats og ha gratis leksehjelp for alle elevar uavhengig av alder.
- Haldningsskapande arbeid hjå barn, unge og unge vaksne skal vere eit satsingsområde.

Busetjing

Senterpartiet vil:

Kommunens innbyggjarar er den viktigaste ressursen vi har. Vi må jobbe for auka heimattflytting og tilflytting ved blant anna å:

- Gjere det enklare å byggje spreidd.
- Fylgje opp buplikta på landbruksseigedomar.
- Gjere det attraktivt for ungdomane våre å flytte heim att.
- Legge til rette for at ein kan flytte til og jobbe frå hytta, og på ein slik måte bidra til auka innbyggartal.
- Skape samarbeid mellom fastbuande, næringsliv og dei unytta resursane som ligg i deltidsinnbyggjarane våre.

Livskraftige innbyggjarar

Senterpartiet vil:

- Gjere Nissedal kommune betre rusta til å møte komande befolkningssamansetjing. (Gamle/unge)
- Vere pådrivar for bygging av bustader i sentrum for heimebuande eldre.
- Prioritere førebyggjande tiltak innan helse og omsorg.

- Arbeide med å få eit dagtilbod til heimebuande eldre og demente.
- Sikre ein verdig alderdom ved å ha eit fagleg forsvarleg tilbod til alle.
- Nyte velferdsteknologi og støtte nye prosjekter i samarbeid med andre Vest-Telemark kommunar.

Skapande næringsliv

Senterpartiet vil:

- Ha eit levande sentrum med attraktive butikkar og næringsliv. Mest mogleg av hyttetrafikken bør gå igjennom Treungen sentrum.
- Støtte fleire innovative, framtidsretta og grøne næringar.
- Vere positiv og leggje til rette for nyetablering og vidareutvikling for næring i alle delar av kommunen.
- Arbeide for heilårssamband over Fjonesundet.
- Invitere deltidsinnbyggjarar til å være med på å vidareutvikle Nissedal.
- Jobbe for at naturressursane våre som vatn, jord, skog og utmark, framleis er under lokalt eigarskap og nasjonal kontroll – og forvalte desse til det beste for nålevande og framtidige generasjonar i kommunen.

Blomstrande nærmiljø

Senterpartiet vil:

- Tilby gode tenester nær folk.
- Sikre frivilligsentralens framtid.
- Anerkjenne frivilligheita som ein viktig partner i arbeidet for å unngå einsemd og bidra til inkludering og betre folkehelse i alle livsfasar.
- Styrke samarbeidet mellom lag og foreiningar.

Landbruk, skogbruk og miljø

Senterpartiet vil:

- Nissedal skal vere med å auke den nasjonale sjølvforsyningssgraden innan matproduksjon gjennom forbetra verkemidlar og tilskotsordningar.
- Oppmuntre til matproduksjon basert på lokale ressursar.
- Forvalte skog og dyreliv på ein god måte og oppmuntre til eit aktivt skog- og jordbruk.
- Ha beitedyr som eit viktig ledd for å oppretthalde kulturlandskap, det biologiske mangfaldet og hindre attgroing.

- Arealet avsett til hytteutbygging skal ikkje aukast. Det er avsett betydeleg areal til hyttetomter i Nissedal, noko som sikrar hyttenæringa i mange tiår framover. Om nye areal foreslåast teke inn som utbyggingsareal for hytter, skal tilsvarande areal takast ut. FN's klimamål og naturens premisser skal vere styrande for hyttebygginga framover.

Lokalt demokrati

Senterpartiet vil:

- Samarbeide med andre kommunar der det gagnar våre innbyggjarar.
- Gjere politikken meir tilgjengeleg og påverkeleg med bl.a. folkemøte spesielt knytt opp mot arealsaker.
- Støtte opp om og aktivt bruke ungdomsrådet, eldrerådet og råd for funksjonshemma.
- Vitalisere kommunestyret bl.a. med bruk av saksordførerar.

Langsiktig styring

Senterpartiet vil:

- Ha eit godt tenestetilbod.
- Ha eit realistisk forhold mellom inntekter og utgifter i kommunen.
- Unngå å auke det totale avgiftsnivået.
- Iverksette vedlikehaldsplanen for offentlege bygg.

Ansvarlege medarbeidrarar

Senterpartiet vil:

- Gje tilsette tillit og ansvar, utan politisk detaljstyring.
- Setje i verk tiltak for å redusere sjukefråværet blant kommunalt tilsette – å jobbe i Nissedal kommune skal vere givande og meiningsfylt.
- Etablere ein heiltidskultur og arbeide for å redusere omfanget av ufrivillig deltid.
- Vurdere å opprette personalsjefstillinga igjen.
- Faglærde skal ha fagleg påfyll av kompetanse i form av kurs, vidare- og etterutdanning.

Beredskap

Senterpartiet vil:

- Oppretthalde ambulanseberedskapen i kommunen.
- Byggje opp ein brannberedskap som skal tene folketalet av fastbuande- og hytteinnbyggjarar. Ny brannbil må skaffast for å sikre beredskap.

Aktiv påverknad

Senterpartiet vil:

- Ha tett og god dialog med fylkeskommunen og statlege myndigheter for å sikre best mogeleg grunnlag for tjenesteyting og busetjing i Nissedal.
- Nutte Vest Telemark Rådet for å styrke samarbeidet i regionen, og for å sikre interessene til regionen med god dialog med fylket samt inn mot den sentrale myndigheita.
- K
o
m
m
u
n
e
n

v

å

r

s

k

a

l

s

i

t

t

e

i

f

ø

r

e

r

s

e

t